VINDAFJORD
KOMMUNE



Planforslag til behandling i formannskapet 08.12.2026

Kommunedelplan 2026-2038 for naturmangfald og karbonrike areal

Innleiing

I planstrategien for Vindafjord kommune 2024-2027 er det vedtatt at det skal utformast ein kommunedelplan for naturmangfald med oppstart i 2024.

For klima og miljø er langsiktig velferd, verdiskaping og livskvalitet i tråd med berekraftsmåla avhengig av at me tar mange omsyn samtidig. Me må halda intakte økosystem ved lag, ta vare på naturmangfald, kulturmiljø og friluftslivsområde, avgrensa og tilpassa oss klimaendringane, samtidig som me sikrar vidare utvikling av gode offentlege tenester, infrastruktur og lønsam næringsverksemd.

Som eit ledd av å nå måla sett om klima og miljø i kommuneplanen er det arbeidd fram forslag til kommunedelplan for naturmangfald.


Endeleg Planprogram blei vedtatt i formannsskapet (i sak 040/25) 03.05.2025.

Hovudmålet med planen er å ta vare på naturmangfaldet i Vindafjord kommune. Dette skal bli oppnådd gjennom å betre kunnskapsgrunnlaget om naturverdiane i kommunen og få ein politisk forankra plan med konkrete mål, og tiltak for å ta vare på desse. I tillegg er det eit mål om at planen skal skape eit større engasjement, kunnskap og kompetanse om naturmangfaldet i Vindafjord, og gjere det meir føreseieleg for innbyggarar, administrasjon/forvaltning, politikarar og utbyggarar/næringsliv i sakar som omhandlar/påverkar naturmangfaldet i kommunen.

Kva er naturmangfald og karbonrike areal

Naturmangfald er definert som summen av biologisk mangfald, landskapsmangfald og geologisk mangfald, sjå Figur 1. Biologisk mangfald omfattar variasjonen i økosystem, artar og genetisk mangfald innan artane, samt dei økologiske samanhengane mellom desse. Likeeins omfattar geologisk mangfald variasjonane i berggrunn, mineral, lausmassar og landformer, samt prosessane som skapar dei. For omgrepet landskap siktar ein til større samanhengar i naturen der landskap med fellestrekk i innhald, samansetjing og form vert omtala som landskapstypar. Det er variasjonen i desse som utgjer landskapsmangfaldet.

Omgrepet naturmangfald legg såleis til grunn den nære samanhengen mellom biologisk, geologisk og landskapsmessig mangfald: geologi og landskap dannar delar av grunnlaget for det biologiske mangfaldet, og samtidig er det biologiske mangfaldet med på å forme landskapet.



Figur 1. Illustrasjon av omgrepet naturmangfald som viser samanhengen mellom biologisk, geologisk og landskapsmessig mangfald. Figuren er utarbeidd av Nyheitsgrafikk. Henta frå Meld. St. 14 (2015-2016), s. 14

Karbonrike areal

Karbonrike areal er areal som lagrar store mengder karbon, og omfattar i denne samanhengen skog, myr, torvmark og jordbruksareal med organisk grunnforhold. I Vindafjord er det særleg skog som utgjer hovuddelen av dei karbonrike areala. Kommunen hadde i 2020 om lag 295 km² karbonrike areal, noko som svarar til om lag 49,5 % av landarealet i kommunen. Av dette utgjorde skog om lag 267 km², medan myr, torvmark og jordbruksareal med organisk grunnforhold utgjorde langt mindre areal (NIBIO rapport, vol.9, nr 121, 2023).

Naturmangfaldet i Vindafjord og kvifor det er behov for ein plan

Å ta vare på naturmangfaldet er viktig, ikkje berre for naturen sjølv, men for samfunnet i sin heilskap (NOU 2024: 2). Men, naturen i Noreg er under press (Norsk rødliste for arter, 2021), og kommunen er ein nøkkelaktør i å ta vare på naturen og naturmangfaldet rundt oss for framtida (Meld. St. 35).

Vindafjord har mykje verdifull natur. Her finst skog, elvar, vatn, myr, kulturlandskap, fjord og fjell, og denne variasjonen gjer at mange ulike plantar og dyr kan leve her.

Særleg viktig i Vindafjord er naturbeitemarker, regnskog, eldre skog, vassdrag, våtmark og andre karbonrike areal. Kartlegginga i 2025 fann over 600 artar som ikkje tidlegare var registrerte i kommunen, og fleire nye funn av truga artar. Dette viser at kunnskapshola var større enn ein trudde, og at viktig natur kan bli oversett dersom ein ikkje har oppdatert kunnskap.

Vindafjord ser også ut til å ha eit særleg ansvar for nokre artar og naturmiljø. Det gjeld mellom anna billa kobbersmeller, fleire sjeldne beitemarkssoppar og fleire raudlista lavartar knytte til regnskog. Dette gjer det ekstra viktig å ta vare på nettopp desse områda og artane.

Den største trusselen mot naturmangfaldet i Vindafjord er arealendringar. Over tid har utbygging av bustadar, næring etc, grøfting, endringar i jordbruket, skogbruk og inngrep i vassdrag ført til at natur har blitt bygd ned, endra eller delt opp. Samtidig gror noko av det artsrike kulturlandskapet igjen, medan andre areal blir drivne meir intensivt. Slik blir leveområde for artar mindre og dårlegare.

Karbonrike areal, som skog, myr og annan våtmark, er viktige. Dei lagrar store mengder karbon, held på vatn, kan dempe flaum og er leveområde for mange artar. Når slike område blir grøfta eller øydelagde, mistar ein både naturverdiar og viktige klimafunksjonar. Vindafjord har eit ganske stort samla karbonlager estimert i 2020 til om lag 7,7 millionar tonn karbon, der mesteparten er lagra i skog, men det har ein nedgang frå 2010 til 2020 kor det i denne perioden vart bygd ned om lag 1,2 km² karbonrikt areal, i hovudsak skog. Utbygging og omdisponering av karbonrike areal har ført til klimagassutslepp i Vindafjord.

Planprogrammet viser at kommunen vil samle og betre kunnskapsgrunnlaget, fastsetje gode mål for naturmangfald og karbonrike areal, peike ut kva naturverdiar som er viktigast å ta vare på, lage ein konkret tiltaksplan og utarbeide føresegner og retningslinjer som kan redusere tapet av natur. Planen skal gjelde for heile kommunen, også sjøareala, og skal gi eit best mogleg grunnlag for gode val i arealforvaltninga.

Ein kommunedelplan for naturmangfald vil gje føreseilege rammer for kvar det er forsvarleg å byggje ut areala til andre føremål og kor det er viktigast å ta vare på naturen slik den er. Det er viktig å sjå dette saman med kommunen sine karbonrike areal. Kommunen har fleire grøfta myrområde med

potensial for restaurering, noko som kan vere eit viktig tiltak for å ta vare på karbonlager, naturmangfald og vasshald i landskapet.

Naturkrise

Naturen forsvinn i eit forrykande tempo. Dei siste 50 åra har verdas befolkning blitt dobla, bruken av energi, ressursar og mat tredobla, økonomien blitt femdobla og handelen tidobla. 50 % av vegetasjonen og 70 % av dei ville dyra er borte frå planeten. 75 % av landareala og 80 % av havområda er endra, 25 % av artane på jorda er på veg til å forsvinne, og 10 % av verdsøkonomien går tapt (Bar-On mfl. 2018, UNEP 2021, IPBES 2018, 2019). Tinga våre veg no meir enn alle verdas dyr og plantar til saman (Naturpanelet 2019, Bar-On mfl. 2018, Elhacham mfl. 2020, UNEP 2021, WWF 2024).




Naturen er Noreg sin miljøpolitiske akilleshæl. Norsk natur er rik og verdifull, men ho er også under press. Delen truga artar aukar, og det trengst meir vern, særleg i sør. Påverknaden frå arealbruk aukar, mellom anna frå bustadbygging, fritidsbygg og vegutbygging. Vi treng også eit meir klimasmart landbruk – og eit meir klimasmart næringsliv og samfunn. Samstundes tek avgjerdsprosessane i samfunnet ikkje nok omsyn til natur, klima og miljø (OECD Environmental Performance Reviews).

Å stanse naturtapet er mogleg. Det vil bremse klimaendringane, bidra globalt, vere lønnsamt, styrkje demokratiet, gi oss eit tryggare samfunn – og det vil truleg også ha brei støtte. Naturen kan hjelpe oss ved å dempe klimarisiko, og vil dermed spele ei stor rolle i framtidig beredskap. Skog reduserer faren for ras og skred, og naturnær skog er meir robust mot klimaendringar og klimarisiko. Hav og kyst tek opp enorme mengder karbon, elvar og innsjøar bidreg med flaumdemping, overvasshandtering, vassreinsing. Våtmark bind karbon, lagrar og reinsar vatn, og kan verke skadedempande under flaum og anna ekstremvêr (Meld. St. 14 (2015-2016)).

Naturavtalen

I desember 2022 vedtok dei 196 partane i konvensjonen om biologisk mangfald den globale naturavtalen. Dette er den overordna og viktigaste føringen for kommundelplanen. Avtalen har fire overordna mål:



Kva kan kommunen gjere for å oppnå naturavtalen

A: Setje mål om å vere arealgjerrig

- Restaurere forringa natur og utvikle grå areal
- Ha effektiv arealbruk med færre og mindre inngrep
- Unngå inngrep i intakt og villmarksprega natur

B: Redusere naturskadar og unødige kostnader


- Satse på sirkulærøkonomi og gjenbruk
- Planleggje arealbruk som er robust mot klimaendringar
- Redusere forureining, overhausting og framande artar

C: Bidra til å sikre og styrkje naturgodene

- Ta vare på nærnaturen og matjorda
- Satse på naturbaserte klimaløysingar

D: Ta i bruk smarte løysingar

- Samarbeide med nabokommunane
- Ta omsyn til klima- og naturrisiko i all verksemd



Føringar

FN sine berekraftsmål gir overordna mål og føringar for heile samfunnsutviklinga. Berekraftsmåla 11, 12,13 og 17 er alle svært viktige for å oppnå måla i kommunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal, men berekraftsmåla som er direkte knytt til planen er berekraftsmåla 14 og 15.

Naturavtalen: Den viktigaste overordna føringen for planarbeidet er Naturavtalen (vedtatt 19.12.2022). Det er ein internasjonal avtale som handlar om å redde og bevare natur- og biomangfaldet i verda. Naturavtalen-på-norsk.pdf. Sjå også under kapitel 1.3.

Norsk handlingsplan for naturmangfold -*Meld. St. 35 (2023–2024) - regjeringen.no* er Noregs oppfølgingsplan for naturavtalen.

Nasjonale forventingar: Det er fleire nasjonale forventningar knytt til klima, natur og miljø for framtida. Kvart fjerde år legg regjeringa fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2023-2027). For dette planarbeidet er desse særleg viktig:

- *Viktig naturmangfald, jordbruksareal, vassmiljø, friluftslivsområde, overordna grøntstruktur, kulturmiljø og landskap blir kartlagde og sikra i planlegginga. Samla verknader av eksisterande og planlagt arealbruk blir lagt vekt på*
- *Omdisponering og utbygging av karbonrike arealer, inkludert myr, tidevannssump og andre typer våtmark og skog, unngås så langt som mulig, slik at arealenes evne til lagring og opptak av karbon opprettholdes.*
- *Kommunane bidreg til gode miljøforhold i og langs vassdraga gjennom deltaking i arbeidet med vassområda, gjennomføring av miljøtiltak og god arealforvalting. Bruks- og verneverdiane i vassdraga blir sikra i planlegginga, og ein reduserer utbygging av vassdragsnatur og utfylling i vassdrag.*
- *Planlegginga bidreg til å sikre naturverdiar og god miljøtilstand i vatn, blant anna ved å unngå å planleggje for byggjetiltak i våtmark når det finst gode alternativ.*

Vidare er dei *Statlige planretningslinjer for klima og energi* viktige føringar for arbeidet med planen. Særleg er § 4.3 - *Retningslinjer for hvordan energi, opptak og utslipp av klimagasser skal ivaretas i arealplanlegging* viktig for arbeidet og då særskilt:

4.3.e Planmyndigheten skal ha oversikt over hvilke arealer som er betydelige karbonlagre, på land og i sjø. Omdisponering og utbygging av karbonrike arealer, inkludert myr, tidevannssump og andre typer våtmark og skog, skal unngås så langt som mulig, slik at arealenes evne til lagring og opptak av karbon opprettholdes. Alternative arealer skal vurderes, og konsekvenser skal belyses.

Visar også til *kap 5.3 Krav til planprosess og beslutningsgrunnlag:*

For å ta vare på naturmangfaldet blir utforming av kommunedelplan for naturmangfald trekt fram som eit viktig verktøy for å oppnå dette. I stortingsmelding 14 (2015-2016) Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfold står det blant anna:

"Utarbeidelse av en egen kommunedelplan for naturmangfold, der kommunen identifiserer og tar hensyn til naturverdier av både nasjonal, regional og lokal betydning, vil være et viktig bidrag til den mer grundige interesseavveiningen som skal foretas i den etterfølgende prosessen med

kommuneplanens arealdel. (…) En planlegging for boligbygging, næringsutvikling, samferdselsanlegg mv. som også ivaretar hensynet til naturmangfold, forutsetter god samhandling og bevisst prioritering i arealforvaltningen. Gjennom arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel gis kommunen anledning til å se hele kommunens areal, på land og i sjø, i sammenheng. Både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen er velegnet for langsiktige prioriteringer på et overordnet nivå, herunder hva angår bevaring av viktige miljøverdier."

Kommuneplanen: I kommuneplanen sin samfunnsdel er det tatt stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for heile kommunesamfunnet og for kommunen som organisasjon. Kommuneplanen har vidare vedtatt overordna mål for å ivareta klima og miljø. Særleg førande for denne kommunedelplanen er oppsette mål under kap. 2.2.

Mål i kommuneplanen

Hovudmål	Delmål
1. Redusera klimagassutslepp	
2. Vera førebudd på verknadene av klimaendringane	
11. Forvalta naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og kommande generasjonar	

Strategi i kommuneplanen

Namn på strategien	Strategi i andre planar	Hovudmål	Satsingsområde
2. Utarbeida ein kommunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal.	Økonomiplan: Ikkje innarbeida	11. Forvalta naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og kommande generasjonar	Berekraftig kommune

Medverknad, organisering og framdriftsplan

Medverknad

I samsvar med § 5-1 i plan- og bygningslova (heretter kalla pbl) skal alle som fremjar planforslag leggje til rette for medverknad. Etter pbl § 4-2 skal planprogrammet gjere greie for medverknadsprosessen. For kommunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal er det gjennomført ein brei medverknadsprosess med fleire målgrupper og ulike former for innspel i samsvar med vedtatt planprogram.

I samband med oppstart av planarbeidet og høyring av planprogrammet blei det gjennomført ordinær varsling og høyring. Det blei også oppretta ei digital kartløysing der det har vore mogleg å registrere område med viktige naturverdiar, direkte i kart. Denne løysinga blei presentert i medverknadsmøte og har vore open i medverknadsperioden, slik at innspel kunne kome fortløpande. Sjølv om denne løysinga blei breitt marknadsført både på heimesider og i avisa, kom det svært få innspel gjennom denne løysinga.

I februar og mars 2025 blei det halde møte med fleire grendeutval. Føremålet med møta var å informere om planarbeidet og få innspel om lokal kunnskap, lokale naturverdiar og aktuelle lag, organisasjonar og ressurspersonar som kunne bidra vidare i arbeidet med kunnskapsgrunnlag og plan.

Den 06.05.2025 blei det arrangert eit eige medverknadsmøte med interesseorganisasjonar og andre med lokal kompetanse. Møtet hadde særleg fokus på korleis kunnskapsgrunnlaget kunne styrkast, og det kom inn fleire nyttige innspel til vidare planarbeid, mål og aktuelle tiltak. Biofokus presenterte ei førebels oversikt over samanstilt kartlegging av naturverdiar i kommunen. Det var god dialog i møtet, og fleire deltakarar uttrykte ønskje om å vere med vidare i planprosessen.

På bakgrunn av dette blei det invitert til vidare arbeidsseminar 09.12.2025, med både politisk nivå og ei breitt samansett interessegruppe. Arbeidsseminaret med interessegruppa samla representantar frå mellom anna bondelag, BirdLife, botanisk foreining, friluftsorganisasjonar, naturverninteresser, jakt- og fiskelag, turistforeining, og lokale ressurspersonar med god kjennskap til naturmangfaldet i kommunen.
Seminaret starta med fagleg orientering frå Biofokus om oppdatert kunnskapsgrunnlag, før deltakarane arbeidde i grupper med utfordringar for naturmangfaldet i Vindafjord, føringar for planarbeidet og forslag til mål og tiltak i planen.

Innspela frå denne gruppa viste brei semje om at arealendringar er den største utfordringa for naturmangfaldet i kommunen, med gjengroing i kulturlandskapet som ei anna sentral utfordring. Det kom også tydelege innspel om å prioritere tiltak som planvask, å ta vare på grøne korridorar, leveområde for raudlista artar og ansvarsartar, kartlegging og handtering av framandartar, vern og omsyn til karbonrike areal og meir kunnskap og informasjon om naturmangfald i kommunen. Nokre tiltak fekk brei støtte, medan andre vart meir diskuterte, særleg der det kunne oppstå konflikt med landbruk, arealbruk eller andre næringsinteresser.

Same dag blei det også halde arbeidsseminar med formannskapet, der alle parti i kommunestyret var representerte. Også her fekk deltakarane fagleg orientering og arbeidde i grupper med naturverdiar, utfordringar, nasjonale føringar og forslag til mål og tiltak i planen. Det kom fram at politikarane opplevde arbeidet som viktig, og at dei ønskte å vere meir involverte vidare i prosessen. Samstundes viste seminaret at fleire av dei konkrete tiltaka var vanskelege å ta stilling til utan meir fagleg bakgrunnskunnskap. Det var likevel brei semje om hovudretninga i planen, særleg når det gjeld behovet for å ta vare på viktige naturverdiar, redusere arealpress, styrkje kunnskapsgrunnlaget, og bruke natur som del av klimatilpassing.

Barn og unge har også blitt involverte i planarbeidet. Planen blei presentert i ungdomsrådet 20.11.2025 og i Barnas kommunestyre 02.12.2025. I begge møta blei det gitt ei innføring i kva naturmangfald er, kva naturverdiar og naturtypar kommunen har, kva som trugar naturmangfaldet i Vindafjord, og kva formålet med kommunedelplanen er. Det blei også orientert om status for kunnskapsgrunnlaget og om ekstra kartlegging av naturverdiar i 2025.

I ungdomsrådet kom det fram at dei la særleg vekt på å ta vare på urørt natur og fjordane. Av tiltak peikte dei mellom anna på at kommunen må ta omsyn til lokalkunnskap og lokale verdiar, sikre god nok kartlegging før utbygging, ta vare på grøne område og grøne korridorar, og sørgje for at planen ikkje blir nedprioritert, men faktisk brukt aktivt vidare. Dei etterlyste også meir informasjon om naturmangfald gjennom mellom anna sosiale medium og andre informasjonskanalar.

I Barnas kommunestyre blei det løfta fram at naturen i seg sjølv, mellom anna tre, skog, vatn, dyr, fjordar og fjell, er viktige verdiar. Fleire peikte også på naturen som viktig for fine turområde og

opplevingar. Når det gjeld tiltak, kom det fram tydelege innspel om å ikkje forsøple, å unngå å øydelegge natur unødig, å byggje mindre i natur og heller fortette og bruke allereie utbygde areal der det er mogleg, samt å kompensere for hogging og utbygging, og plante ny skog ved hogst.

Gjennom medverknadsprosessen har kommunen såleis fått innspel frå grendeutval, interesseorganisasjonar, lokale ressurspersonar, politikarar, barn og unge, og gjennom digital innspelsløysing. Medverknaden har gitt både lokal kunnskap, faglege vurderingar og innspel til prioritering av mål og tiltak, og dette har vore eit viktig grunnlag i det vidare arbeidet med planforslaget.


Planforslaget skal no opp til førstegangsbehandling i formannsskapet og ut på ordinær offentleg høyring i 6 veker. Planforslaget skal også opp i ungdomsrådet.

Organisering og framdrift

Organisering

Oppdragsgjevar	**Kommunestyret**
Prosjekteigar	**Einingsleiar areal og forvaltning**
Styringsgruppe	**Formannsskapet (FS)**
Prosjektleiing	**Rådgjevar for klima, miljø og landbruk**
Administrativ styringsgruppe	**Eining for areal og forvaltning**
Administrativ arbeidsgruppe	**Einingsleiar areal og forvaltning, Rådgjevar for klima, miljø og landbruk, også i samarbeid med Biofokus og rådgjevarar ved eining areal og forvaltning. Her vil også lokale ressursar i lokalmiljøet nyttast.**

Framdriftsplanen er revidert særleg grunna omfattande kartlegging i 2025 som kommunen ville ha inn i kunnskapsgrunnlaget.



Kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete

Naturen i Vindafjord

Vindafjord er ein typisk vestlandskommune med eit oseanisk klima og stor topografisk variasjon. Lanskapet med fjord og fjell som gjev mange ulike hellingar, eksposisjon, høgd, berggrunn, lausmassar og klimatiske forhold gjev grunnlag for stor variasjon av naturtypar og tilhøyrande mangfald av artar. I tillegg har menneskeleg aktivitet over lang tid forma den naturen vi har i dag, og lagt grunnlaget for å kunne leva meiningsfylte og gode liv.

Det har blitt kartlagt ein del natur i kommunen opp gjennom åra, både i kommunal regi og gjennom konsekvensutgreiingar i samband med utbyggingsprosjekt. Mykje av kartlegginga har tidlegare vore spreidd på ulike databasar, rapportar og arkiv. Arbeidet med kommunedelplanen har difor vore viktig for å samle, systematisere og oppdatere kunnskapen om naturmangfaldet i kommunen.

Å ta vare på naturmangfaldet er viktig, ikkje berre for naturen sin eigenverdi, men òg for samfunnet i sin heilskap. Naturen gjev oss ei rekkje naturgode, som reint vatn, rein luft, matproduksjon, pollinering, karbonlagring, flaumdemping og opplevingar som fremjar helse og trivsel. Intakte og velfungerande økosystem er dessutan ein viktig del av beredskapen i møte med klimaendringar og framtidige arealkonfliktar.

For å hjelpe kommunane i dette arbeidet har Miljødirektoratet ei tilskotsordning gjennom Natursats for utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald. Vindafjord kommune fekk støtte både i 2024 og 2025. Tilskotsmidlane har mellom anna blitt nytta til å samanstille eksisterande kunnskap, oppdatere kunnskapsgrunnlaget, og gjennomføre supplerande kartleggingar. Kommunen har etter utlysing engasjert Biofokus til arbeidet.

I samband med arbeidet med kunnskapsgrunnlaget vart det avdekt fleire kunnskapshol. Det vart difor prioritert supplerande kartlegging i 2025 innan fleire tema. Desse delprosjekta omfatta kartlegging av biologisk mangfald knytt til vassdrag, kartlegging av oseanisk lav og mose knytt til regnskogsmiljø, kartlegging av mose, lav, karplantar og naturtypar på kalkrik berggrunn, kartlegging av insekt og andre virvellause dyr knytt til kulturlandskap, samt oppfrisking av eldre naturtypekartleggingar og samanstilling av eit meir fullstendig kunnskapsgrunnlag.

Det er utarbeidd ein rapport som samanfattar kunnskapen om naturen i Vindafjord, inkludert kartlegginga frå 2025. Les **kunnskapsgrunnlaget for naturmangfaldet** . Rapporten gjev no eit breitt og vesentleg betre bilete av naturverdiane i Vindafjord, og vil vere eit viktig verktøy i det vidare arbeidet med kommunedelplanen. Kartlegginga som blei gjort i 2025 er også samla i ein eigen rapport. Les rapporten om naturkartlegging i Vindafjord kommune 2025. Det blir sterkt tilrådd å lese begge rapportane for å få eit godt bilete av naturen i Vindafjord, kva som er utfordringane og innspela til vidare kartlegging og handlingsdel til planen.

Kort oppsummering av kunnskapsgrunnalget

Til og med 2025 er det kartlagt drygt 65 km² med verneområde, naturtypelokalitetar på land og naturtypar i vatn og sjø i Vindafjord kommune. Dette utgjer om lag 8,7 % av kommunen sitt samla areal. Nedbørsfeltet til det verna Vikedalsvassdraget på om lag 90 km² er då ikkje inkludert. Noko areal overlappar mellom ulike kartleggingstema.

Det er verna til saman 11 område i Vindafjord med eit samla areal på om lag 6 300 daa. Verneområda omfattar mellom anna skog, våtmark og sjøfuglområde.

I Vindafjord kommune er det samla sett kartlagt 118 naturtypelokalitetar etter DN-handbok 13, med eit samla areal på 26,6 km². Etter Miljødirektoratet sin instruks er det kartlagt 704 naturtypelokalitetar, med eit samla areal på 27 km². I sjø er det basert på modellering og feltundersøkingar kartlagt 50 naturtypelokalitetar etter DN-handbok 19, med eit samla areal på 4,7 km².


Det føreligg 105 registrerte og utvalde MiS-livsmiljøfigurar i skog. Når overlapp mellom lokalitetar er trekt frå, er samla areal om lag 850 daa. Dette utgjer ein liten del av det samla skogarealet, og peikar på at det framleis er behov for meir kunnskap om viktige skogmiljø i kommunen.

Det er registrert både raudlista naturtypar og utvalde naturtypar i kommunen. Til og med 2025 er det registrert 287 førekomstar av utvalde naturtypar. Hole eiker og kystlynghei har flest lokalitetar, medan slåttemark er registrert med få lokalitetar. Samstundes er mykje av arealet med kystlynghei vurdert å ha låg kvalitet grunna attgroing og manglande hevd.

Utfordringsbilete

Kartlegginga i Vindafjord har vore av varierande kvalitet og omfang over tid. I takt med auka press på naturen og skjerpa krav til kunnskapsgrunnlag, er det blitt stadig tydelegare at eksisterande kunnskap ofte ikkje er tilstrekkeleg åleine i møte med nye tiltak og arealbruksendringar. Den oppdaterte rapporten vurderer kartleggingsstatusen som varierande mellom naturtypane. Låglandet, fjordliene, skogområda og fleire ferskvass- og marine miljø er framleis berre lite eller ufullstendig kartlagde, og bør prioriterast. Fjellområda ligg utanfor pressområda og naturen her er skrinn, og blir difor ikkje prioritert for vidare kartlegging utanom ved konkrete tiltak. Utvikling og endring av metodikk for kartlegging av naturtypar vanskeleggjer å vurdera kor godt det er kartlagd. I rapporten er det utarbeida eit kart som viser kartleggingsstatus for naturtype i Vindafjord. Det er lagt vekt på at vidare kartlegging skal skje etter Miljødirektoratets instruks, som i stor grad er meir detaljert og fangar opp større areal enn tidlegare metodikk.

Kartet viser kartleggingsstatus på grov skala for naturtypar i Vindafjord kommune.



Rapporten peikar på at skog og kulturlandskap er dei viktigaste hovudøkosystema for biologisk mangfald i Vindafjord. Særleg viktige er oseaniske regnskogmiljø, eldre naturskog, naturbeitemark og kystlynghei. Mange av desse naturtypane er i dag påverka av hogst, gjengroing eller endra driftsformer. Også våtmark, ferskvatn og marine miljø har høge naturverdiar, men er gjennomgåande dårleg kartlagde, og fleire vassførekomstar har redusert økologisk tilstand.

Per februar 2026 var det registrert 102 359 artspostar i Artskart frå Vindafjord kommune, fordelte på 6 366 unike artar. Det er registrert 251 unike raudlista artar og 210 framande artar. Kartleggingane i 2025 åleine førte til 620 nye artar for kommunen, særleg innan insekt, sopp, mosar og lav. Dette viser både at kommunen har store naturverdiar og at det framleis finst vesentlege kunnskapshol.


Rapporten peikar på fleire hovudutfordringar for naturmangfaldet i Vindafjord. Dei viktigaste er utbygging og fragmentering av areal, intensivt skogbruk, gjengroing av kulturlandskap, avrenning og forureining til vatn og fjordar, tekniske inngrep i vassdrag, og spreiing av framande artar. Klimaendringar forsterkar fleire av desse utfordringane.

Som del av kunnskapsgrunnlaget er det òg utarbeidd eit samla verdikart for biologisk mangfald i Vindafjord. Verdikartet kombinerer fleire tematiske datalag, og gjev eit overordna bilete av økologiske verdiar i kommunen. Kartet er meint som eit støtteverktøy i arealplanlegginga, men ikkje som erstatning for konkrete vurderingar i enkeltsaker.

Verdikartet er bygd opp ved å kombinere fleire tematiske datalag som kvar for seg seier noko om økologisk verdi. Desse omfattar både direkte kunnskap om naturtypar og artsførekomstar, og indirekte informasjon om landskap, arealpåverknad og grad av tekniske inngrep. Kvart datalag er tildelt ein poengverdi ut frå kor sterkt det indikerer naturverdi. Når fleire slike verdiar fell saman i same område, får arealet høgare samla skår.

Den samla økologiske verdien i kartet er såleis eit resultat av summen av fleire ulike parameter og kriterium. Høg verdi i kartet viser område der fleire typar naturfagleg relevant informasjon peikar i same retning. Samstundes må kartet lesast med varsemd. Resultatet blir ikkje betre enn datagrunnlaget som ligg under, og kvaliteten varierer mellom naturtypar og geografiske område. Marine område og ferskvatn er til dømes i mindre grad inkluderte i analysen, og kartet bør difor alltid brukast saman med meir detaljerte data frå Naturbase, Artskart, viltkart og annan fagkunnskap.

Verdikartet er med dette eit overordna og samanstilt kunnskapsverktøy som kan hjelpe kommunen med å identifisere område med høge naturverdiar, sjå samanhengar i landskapet og prioritere omsyn til naturmangfald i arealforvaltninga.



Kartet viser samla økologisk verdi basert på eit utval parametrar og tilhøyrande kriterium.

Den oppdaterte rapporten og kartleggingsrapporten frå 2025 gjev samla eit vesentleg betre og breiare fagleg grunnlag for vidare arbeid med kommunedelplan for naturmangfald. Samstundes synleggjer dei at det framleis er behov for vidare kartlegging, betre planrutinar og langsiktig, kunnskapsbasert forvaltning for å sikre naturmangfaldet for noverande og komande generasjonar.

Skog

Vindafjord har eit særleg ansvar for å ta vare på ulike utformingar av regnskog, særleg lokalitetar som har viktig funksjon for truga regnskogsartar. Det finst regnskogsmiljø i kommunen med dominans av furu, edellauvtre og boreale lauvtre. Det er gjennomført naturtypekartlegging, MiS-kartlegging og undersøkingar i vernesamanheng i delar av kommunen, men kunnskapsgrunnlaget for skog er framleis ujamt og ikkje heildekkjande.



Gamal furuskog med innslag av grov eik blei registrert på bakgrunn av tips til planprosessen. Kun 0,2 % av den produktive skogen er MiS-kartlagt noko som tydar på at viktige skogmiljø ikkje er fanga opp som naturtypar.

Kulturlandskap

Som i resten av landet er mykje av dei lågareliggjande produktive areala historisk nytta til haustingsformål. Slåttemark og beitemark med ulik grad av hevdintensitet er vanleg, og fleire stader har ekstensivt beite i kombinasjon med brenning og rydding forma landskapet der areala har vore for skrinne til oppdyrking. I nyare tid har attgroing og bruk av kunstgjødsel endra preg og naturverdiar i desse kulturmarkstypane, slik at det berre er mindre restar att.

Det er kartlagt om lag 34 km² med semi-naturlege naturtypar fordelt på ca. 400 lokalitetar. Boreal hei (VU) og den utvalde og sterkt truga naturtypen kystlynghei (EN) utgjer om lag 95 % av dette arealet. Om lag halvparten av arealet er vurdert å ha mindre god tilstand. Det øvrige arealet omfattar mellom

anna naturbeitemark, slåttemark, hagemark og hol eik. Naturbeitemark har størst areal av desse, medan gammal intakt slåttemark med høg verdi er lite kartlagt og truleg sjeldan i kommunen.



Det finst truleg ein god del ikkje-kartlagde jordnøttenger og anna semi-naturlig mark i kommunen som ikkje er kartlagd, eller som har mangelfulle kartleggingar av artsmangfald.

Våtmark

Berre 2,5 % av landarealet (15 km²) er open våtmark (myr) og tresett våtmark (sumpskog) ifølgje N50-kartgrunnlaget. Truleg er arealet noko større, sidan særleg små myrar er underrepresenterte. I naturtypekartlegginga er om lag 7 km² definert som våtmark, men ulike kartleggingsmetodikkar gjer at tala ikkje alltid er direkte samanliknbare. Det er kartlagt nokre få rikare sumpskogar dominert av svartor og fleire fattigare utformingar. Det er også kartlagt fleire typar open myr, men ingen rikmyrtypar.

Ut frå dagens kunnskap ser det ikkje ut til at Vindafjord har mange særleg viktige førekomstar av open myr i regional eller nasjonal samanheng, men det finst enkeltlokalitetar og område med høge naturverdiar. Ingriddalen peikar seg ut som eit område med viktige myrkvalitetar, sjølv om desse i liten grad blir fanga opp av ny kartleggingsmetodikk. Lågtliggjande myrområde under marin grense ser elles ut til å vere særleg viktige både for naturmangfald og for restaurering med tanke på karbonlagring og vasshald.

Ferskvatn

Vindafjord har om lag 22 km² ferskvatn, noko som utgjer rundt 3,5 % av totalarealet. I Naturbase er det registrert relativt få naturtypelokalitetar knytte til ferskvatn, mellom anna viktige bekkedrag, rik kulturlandskapssjø, kroksjøar, flaumdammar og meandrerande elveparti, samt evjer, bukter og viker. Fleire lokalitetar har høge naturverdiar, men skildringane og verdiavgrensingane er ofte lite utfyllande. Ferskvatn er generelt dårleg dekt i naturtypekartlegginga, og det er truleg langt fleire viktige lokalitetar enn dei som er registrerte i dag.

Ferskvatn og vassdrag har viktige funksjonar for naturmangfald, landskapsøkologi, friluftsliv og vassmiljø. Særleg viktige verdiar er knytte til vasskantsamfunn, kulturlandskapssjøar, viktige laksevassdrag, elvemusling, amfibium og intakte kantsoner. Fleire innsjøar og vassdrag i kommunen har mindre enn god økologisk tilstand, særleg i jordbruksområde.



Vatsvatnet har heilt spesielle eigenskapar og det er sett opp insektstelt for å gje kommunen betre kunnskap om kva slags kvalitetar som finst her. På dei grunne sandområda langs land veks den truga karplanta trådbregne. I 2025 blei det gjennomført kartleggingar for å betre kunnskapsgrunnlaget for slike miljø.

Havstrand og kyst

Under denne naturtypen har det blitt kartlagt naturtypar som ligg i overgangen mellom land og hav, og som er saltpåverka i ulik grad. Svært få slike lokalitetar er kartlagt. Det meste av det registrerte arealet er knytt til brakkvassdelta ved utløpet av Oselva, og det er òg kartlagt eit brakkvassdelta i Ølensvåg. I Ølensvåg er det i tillegg registrert fleire ålegrasenger, og det er dokumentert oppgang av ål i elva. Elles er det registrert mindre areal med semi-naturleg strandeng, grus- og steinstrand, og rikt strandberg.

Sjølv små og samansette overgangssoner mellom bekkjeutløp, blautbotn, saltsiveng og

helofyttsaltsump kan ha stor verdi for virvellause dyr, fugl og fisk.

Marint

Generelt er kunnskapen om marine økosystem relativt sett meir mangelfull enn for landsystem. Vindafjord er ein kyst- og fjordkommune. Den samla kystlinja er på om lag 185 km for fastland og 230 km om øyer blir inkludert. 166 km² (22 %) av kommunens areal er havflate. Kommunen har difor eit viktig forvaltaransvar for marin natur.
I saltvatn er det registrert 50 naturtypeområde: 11 ålegrassamfunn, 31 større tareskogførekomstar, 6 skjelsandførekomstar og 2 blautbotnsområde i strandsona. Totalt 27 av desse har fått verdi som svært viktige, men skildringane er særs mangelfulle og kartlegginga er i stor grad basert på modellering. Det er også gjort funn av korallrev, sjøfjærbotn og sjøtre i dei djupe fjordane, noko som tyder på at kommunen har marine naturverdiar som enno berre er delvis dokumenterte.

Kunnskapsstatus og forvaltningsbehov

Kunnskapen rundt førekomstar av viktige marine naturtypar vurderast som relativt god for blautbotn, tareskogførekomstar og ålegras, men kvaliteten på skildringane er i liten grad basert på vurderingar i felt og er difor ufullstendig. Det er også noko usikkert kor godt fleire lokalitetar er avgrensa. Då potensialet for ulike former av korallrev og andre sårbare naturtypar i djupfjorden er vurdert som stort, er kartleggingsstatusen for desse vurdert som dårleg. Berre tilfeldige undersøkingar er gjort.
Fjordane har varierande økologisk tilstand, og særleg dei innestengde fjordmassane i Skjoldafjorden har dårleg eller svært dårleg tilstand. Fleire fjordområde har også dårleg kjemisk tilstand. Påverknad frå avløp, landbruk, oppdrett og anna verksemd kan vere viktige årsaker.
Framande artar er eit aukande problem også i marine miljø, mellom anna stillehavsøsters, framande algar og japansk drivtang. I tillegg kjem påverknad frå lakselus, inngrep i strandsona og menneskeleg ferdsel og fritidsaktivitetar i sjø.

Artar

Mangfaldet av artar i Vindafjord speglar dei naturgitte forholda og den påverknaden naturen er utsett for over lang tid. Dess fleire habitattypar og økologiske nisjar som finst, dess fleire artar har potensial for å etablere seg. Vindafjord har eit overvegande oseanisk klima og noko varierande berggrunns- og lausmassetilhøve, og dertil eit høgdespenn frå fjord til fjell over rett stutte avstandar. Kulturpåverknad av ymse slag har vidare forma den opphavlege naturen og lagt avgrensingar, og føresetnader, for dei leveområda artane kan etablere seg i. På same måten som på land har Vindafjord ein variert fjordnatur med djupe fjordar, straumar og grunne fjordbasseng. I elvar og vatn finst ei rekkje ulike kvalitetar som gjev opphav til ein variert flora og fauna.

Per februar 2026 var det kartlagt og publisert i Artskart (**www.artsdatabanken.no**) 102 359 artspostar frå Vindafjord kommune. Desse postane er fordelte på i alt 6 366 unike artar. Karplantar er den gruppa som har flest unike artar, med heile 1 053 artar.
Det er elles kartlagt meir enn 400 unike artar innan kvar av gruppene mosar, sopp, sommarfuglar, tovenger og veps.
Det er registrert 251 unike raudlista artar, der fuglar (65) og karplantar (58) er dei største gruppene, medan sopp, mosar, lav og insekt inneheld noko færre artar. Av dei 210 ulike framande artane er karplantane den klart største gruppa.

I nasjonal samanheng har Vindafjord eit særleg ansvar for å ta hand om artar knytt til oseaniske, kystnære miljø og artar knytt til regnskog, enger, myrar og fjell med spesielle klimatiske forhold,

særmerkte for denne delen av landet. Attpåtil har Vindafjord djupe fjordar med velutvikla korallførekomstar, ålegrasenger og grunne område med skjelsand.
Det er stor skilnad i kor godt ulike grupper av organismar er undersøkte. Karplantar er undersøkte svært godt og systematisk over ein rekke år (Dalen & Haugen, 2020), medan det for andre grupper oftast er mindre systematiske kartleggingar som ligg til grunn. Som alltid har dei mange frivillege registrantane gjort ein stor innsats for å avdekke artane som finst i kommunen.

Kartleggingane i 2025 åleine tilførde 620 nye artar til Vindafjord og synte at det framleis er stort potensial for nye funn, særleg innan insekt og andre virvellause dyr, men også innan lav, mosar og sopp. Rapporten gjev no meir utfyllande vurderingar av særleg fuglar, insekt og andre virvellause dyr, pattedyr og karplantar, mosar, lav og sopp. Samstundes er det framleis store kunnskapshol for fleire artsgrupper, særleg i marine miljø, delar av ferskvatn og i høgareliggjande område.



Grøn sandjegar er ikkje registrert i kommunen tidlegare, men finst truleg spreidt miljø med open sand som her i ein vegkant ved Gjerdalsvatnet.

Prioriterte og pågåande kartleggingar i 2026

Med grunnlag i kunnskapsgrunnlaget for kommunedelplanen har kommunen i 2026 prioritert vidare innhenting av oppdatert og tiltaksretta kunnskap om utvalde naturverdiar.

Dette arbeidet har vore mogleg som følgje av nytt tilskot gjennom Natursatsordninga. Vindafjord kommune har i to omgangar (2024 og 2025) fått tilskot frå Miljødirektoratet for utforming av kommunedelplan for naturmangfald og kartlegging av naturmangfald. I 2026 har kommunen på ny fått tilskot (1.4 million) frå Miljødirektoratet for utvida kartlegging. Kommunen vil nytte midlane konkret til oppfylling av viktige tiltak frå innspel til handlingsdel til kommunedelplan for naturmangfald.

Kartlegginga omfattar fleire viktige tema

- Natur- og habitattilstand i Åmselva og tilhøyrande sidebekkar, med særleg vekt på leveområde for anadrom laksefisk og elvemusling, inkludert gyte- og oppvekstforhold, vandringshinder, påverknader og aktuelle restaurerings- og forvaltningstiltak.
- For å følgje opp sentrale kunnskapshol blir det gjort utvida kartlegging av potensielt verdifulle semi-naturlege naturtypar
- Vidare kartlegging av den sterkt truga ansvarsarten koparsmelle
- Naturtypekartlegging av gamal barskog, edellauvskog og boreal lauvskog i prioriterte område.

Kartleggingane skal styrkje kunnskapsgrunnlaget for naturforvaltninga og gi eit betre fagleg grunnlag for arealvurderingar og oppfølging av tiltak i planen.

Karbonrike areal i Vindafjord

Karbonrike areal på land omfattar skog, myr, torvmark og jordbruksområde med organisk jord. I sjø omfattar dei mellom anna tareskog, ålegrasenger, tidevassenger og blautbotnsområde. Desse områda kan lagre karbon og er også viktige for naturmangfaldet.

Marine karbonrike areal som tareskog og ålegrasenger er kartlagt nokre stader i kommunen, kartlag «Marin natur» i Temakart Rogaland. Areala på land er viktige fordi dei lagrar store mengder karbon i vegetasjon og jord, og fordi dei kan ta opp CO_2 frå atmosfæren. Samstundes har dei verdi for naturmangfald, vassbalanse, flaumdemping og klimatilpassing. Særleg myr og organisk jord er store karbonlager, medan skog står for ein stor del av det årlege opptaket av klimagassar. Når slike areal blir drenerte, dyrka opp eller bygde ned, kan store mengder lagra karbon bli sleppte ut. Kunnskapsgrunnlaget og kartlegging av karbonrike areal er førebels ganske mangelfull og det gjenstår ein god del arbeid for å få god nok oversikt. I arbeidet med regionalplan for klimaomstilling i Rogaland har Rogaland fylkeskommune fått NIBIO til å kartlegge karbonrike arealer i Rogaland (NIBIO-rapport 9(121) 2023) som ein del av kunnskapsgrunnlaget til planen. Datagrunnlaget er landsdekkande kartgrunnlag som viser arealdekke og areabruk frå åra 2010- 2020. Estimata rundt karbonlager er grove. Kartlegging er altså berre gjennomført ved hjelp av GIS-analyser, og berekningane av karbonlagra må forbetrast, men gir oss god overordna oversikt og ny kunnskap. Status og utfordringar for Vindafjord er trekt ut av denne rapporten under.

Status
Vindafjord har store areal som kan reknast som karbonrike. Ifølgje NIBIO-rapporten om karbonrike areal i Rogaland utgjer karbonrike areal i Vindafjord om lag 295 km², som svarar til om lag 49,5 % av landarealet i kommunen. Dette omfattar om lag 14,6 km² myr, 8,4 km² torvmark i skog, 267,5 km² skog og 4,6 km² jordbruksareal med organisk jord. Det meste av det karbonrike arealet i kommunen er dermed skog.

Dei karbonrike areala i Vindafjord er samla sett berekna å ha eit netto opptak av klimagassar. Samstundes ligg det store karbonlager i både skog og våtmark. NIBIO estimerer karbonlageret i kommunen til om lag 7,7 millionar tonn karbon. Sjølv om myr og våtmark i Vindafjord ikkje er særleg store i areal er dei viktige både som karbonlager og for å halde på vatn, dempe flaum og støtte naturmangfaldet. Særleg gjenverande låglandsmyrar og våtmark under marin grense er framheva som viktige.

Utfordringar


Sjølv om Vindafjord framleis har store karbonrike areal, viser NIBIO-rapporten at det har vore ein nedgang i perioden 2010–2020. Det karbonrike arealet i kommunen gjekk i denne perioden ned med om lag 2,7 km². I same periode blei om lag 1,2 km² karbonrikt areal bygd ned, og det meste av dette var skog. Rapporten viser også at om lag 4,7 km² karbonrikt areal ligg inne i arealplanar som avsett til framtidig utbygging, og at også her utgjer skog den klart største delen.

Dei viktigaste utfordringane for karbonrike areal i Vindafjord er difor utbygging, drenering og andre arealbruksendringar. Utbygging av skog gir tap av framtidig karbonopptak, medan inngrep i myr og annan organisk jord kan føre til direkte og langvarige utslepp av klimagassar. Drenering av myr og våtmark er særleg uheldig, fordi det bryt ned torva og reduserer evna arealet har til å lagre karbon. Grøfta myr og sumpskog har eit restaureringspotensial, og restaurering av slike areal kan vere eit viktig tiltak både for klima og naturmangfald.

For Vindafjord inneber dette at karbonrike areal bør ha særleg merksemd i arealforvaltninga. Det er viktig å unngå utbygging og nye inngrep i slike areal der det er mogleg, og å vurdere restaurering av grøfta myr og annan våtmark som eit konkret klimatiltak.

Kartlegging og forvaltning av karbonrike areal

Norsk natur har enorme karbonlager, særleg i myr og jord, noko som kan sjåast på figuren under som viser jordklodas karbonlagar over og under bakken.



Det er difor viktig å finne fram til områda som det er særleg viktig å verne mot utbygging eller forringing. Norske økosystem lagrar store mengder karbon, og ein stor del av dette karbonet er altså bunde i jordsmonnet. Ivaretaking av økosystem er peika på som den mest effektive og rimelege måten å lagre karbon og auke karbonopptaket på. Samstundes viser rapporten at naturinngrep, drenering, utbygging, og lite tilpassa forvaltning kan føre til store utslepp og svekt

karbonlagringsevne. Når mykje av vårt areal er karbonrikt blir det difor viktig og finne fram til kva for areal/økosystem som skal vernast, og kva areal som kan byggast ut.

Dei største og viktigaste karbonrike områda/økosystema må bli idenstifisert og kartlagde. Dei må bli vurderte og forvalta på økosystemnivå, ikkje berre ut frå enkeltområde eller enkelttiltak. Forvaltninga bør difor byggje på ei brei forståing av kvar dei største karbonlagera finst, kva område som har viktig funksjon for vidare karbonopptak, og kva område som er særleg sårbare for inngrep.

Mangelfullt kartgrunnlag for naturtypar er ei viktig årsak til usikre estimat og svakare grunnlag for målretta tiltak. Kommunen bør difor leggje vekt på å betre kunnskapen om både utbreiing, tilstand og funksjon av karbonrike areal, særleg der dette kan få betydning for arealforvaltning og prioritering av tiltak.

Prioriterte karbonrike areal blir identifisert, systematisert og prioritert gjennom handlingsplanen. Handlingsplanen skal vidare prioritere kva for karbonrike areal sett av til utbygging som bør vurderast gjennom planvask.

Kartlegging og restaurering av myr

Restaurering av karbonrike myrområde

Kommunen har tatt arbeidet med NIBIO-rapporten noko vidare for betre kartlegging av restaurerbare grøfta myr. Kommunen fekk 200 000,- i Klimasatstilskot frå Miljødirektoratet for å kartlegge utslepp frå utbygging av karbonrike areal. Å restaurere grøfta myr vil redusere klimagassutslepp, auke karbonopptak, reetablere økosystem og betre vasskapasiteten til våtmarka, og slik vere eit naturbasert klimatilpassingstiltak. NIBIO såg spesifikt på kartlegging av grøfta myrar med restaureringspotensial som og ligg som eigen kartanalyse på Temakart Rogaland (Aktuelle analyser – Karbonrike areal - Myr, prioritert)). I kartlegginga til NIBIO blei myrområde med potensial for restaurering rangert frå 1 til 4, der område i kategori 1 er drenerte myrområde som er djupe og flate, og derav har eit stort restaureringspotensiale knytt til klima, biologisk mangfald og vasshandtering. Ut frå denne kartlegginga har kommunen velt ut tre myrar som har positive resultat for karbonopptak og -binding, biologisk mangfald, samt vassopptak (i eit klimatilpassingsperspektiv): Eikelandsmyra, Steinsland og Mortveittjønna. Les rapporten Kartlegging og prosjektering av potensielle restaureringsprosjekt av karbonrike areal i Vindafjord (NaturRestaurering AS, 22.05.2026).

Rapporten vurderer restaureringspotensialet i dei tre områda med hovudvekt på karbonlagring, hydrologi og naturmangfald. Det er også vurdert moglege konsekvensar for landbruk, samt skildra tiltak på tre nivå: enkel, middels/kostnadseffektiv og full restaurering.

Alle dei tre områda er vurderte som aktuelle for restaurering, men med ulik grad av potensial, kompleksitet og kostnad. Steinsland og Mortveittjønna er vurdert som dei enklaste og mest kostnadseffektive prosjekta å starte med. Eikelandsmyra er det største og mest samansette området, med størst samla karbonlager og størst samla restaureringspotensial, men også med høgast kompleksitet og størst behov for detaljert planlegging og avklaringar. Rapporten peikar på at restaurering i dei tre områda kan gi positiv effekt ved å redusere drenering, halde tilbake meir vatn i myra, styrke myra si rolle som karbonlager og betre forholda for myrtilknytt naturmangfald.
Handlingsplanen

Vidare arbeid med restaurering av myrområde i Vindafjord

Restaurering av myr kan vere eit viktig tiltak både for klima, naturmangfald og vasshandtering. Drenert myr er som regel langt større kjelde til CO_2-utslepp enn både naturleg og restaurert myr, og restaurering reduserer normalt karbontapet ved å heve grunnvassnivået og gjenopprette myra sin hydrologiske funksjon.

Erfaringane frå dei tre områda i Vindafjord viser at restaureringspotensialet varierer mykje mellom lokalitetar. Nokre område er relativt enkle å restaurere og kan gi god effekt med avgrensa tiltak, medan andre område har større samla potensial, men er meir komplekse på grunn av eigedomsforhold, grøftesystem, vegar, tilgrensande jordbruksareal og hydrologiske forhold. Det bør difor vere ei stegvis prioritering av lokalitetar og starte med dei lokalitetane som har best kombinasjon av høgt karbonpotensial, låg gjennomføringsrisiko og god praktisk gjennomførbarheit.

Kommunedelplanen bør vidare leggja til grunn at arbeidet med restaurering av myr skjer i fleire fasar. Fyrste fase bør vere å identifisere og prioritere aktuelle lokalitetar på overordna nivå, med utgangspunkt i eksisterande kunnskapsgrunnlag, inkludert kartlegging av karbonrike areal, grøfta myr og naturmangfald. Andre fase bør vere nærare vurdering av enkeltområde gjennom GIS-analysar, feltbefaringar og vurdering av torvdjupn, grøftesituasjon, hydrologi, naturmangfald og moglege konsekvensar for landbruk og annan arealbruk. Tredje fase bør vere detaljprosjektering og dialog med grunneigarar før gjennomføring av konkrete tiltak. Fjerde fase bør vere oppfølging og overvaking, slik at kommunen får meir kunnskap om effekt av tiltaka og kan bruke denne læringa i vidare prioritering.

Vidare arbeid med restaurering av myr framover skal skje etter nokre overordna prinsipp:

- prioritere grøfta myr med stort karbonlager og avgrensa konflikt med annan bruk
- starte med tiltak i område der gjennomføring er relativt enkel og kostnadseffektiv
- vurdere større og meir komplekse område stegvis, med særskilde hydrologiske avklaringar
- sjå karbonlagring, naturmangfald og vasshandtering i samanheng
- sikre dialog med grunneigarar tidleg i prosessen
- leggje inn overvaking etter gjennomføring, særleg av hydrologi, vegetasjonsutvikling og klimagasseffekt der dette er mogleg

For Vindafjord inneber dette at kommunen bør bruke dei tre kartlagde områda som pilotgrunnlag for vidare arbeid. Desse lokalitetane gir både konkrete restaureringsmoglegheiter og viktig metodisk erfaring. Erfaringane frå desse bør nyttast til å utvikle ein kommunal modell for prioritering av fleire myrområde i åra framover.

Forvaltning og drift av kommunale grøntareal

Vindafjord kommune bør også fylgje opp måla i kommunedelplanen som grunneigar, utbyggjar og driftsansvarleg. Dei same omsyna til naturmangfald og karbonrike areal som kommunen forventar at andre tek, må liggje til grunn for forvalting og drift av eigne eigedomar.

Kunnskapsgrunnlaget viser at utbygging, fragmentering, endra skjøtsel og spreiing av framande artar er viktige utfordringar for naturen i Vindafjord. Inngrep i skog, myr og organisk jord kan i tillegg redusere karbonlager og framtidig karbonopptak. Desse utfordringane er relevante også på kommunale areal.

Kommundelplanen har difor eit eige delmål for forvalting av eigne grøntareal med tilknytta tiltak i handlingsplanen. Målsettinga er naturvenleg skjøtsel, stadeigne og insektsvenlege planter, pollinatorvenleg kantslått og målretta innsats mot skadelege framande artar. Gamle tre, daud ved og naturlege kantsoner bør takast vare på der dette kan kombinerast med tryggleik og bruken av areala. Vidare bør kommunale eigedomar inngå i kartlegging og prioritering av karbonrike areal slik at kommunen kan søkje å unngå forringing av desse, og vurdere aktuelle restaureringstiltak.

Nokre av tiltaka treng i hovudsak kompetanseheving for at kommunen skal kunne starte med nye driftsformer og tilstrekkeleg informasjon ut om korleis dette vil påverke utsjånaden til grøntareala. Pollinatorvenlege areal av heile eller deler av området vil ikkje lenger krevje klipping av gras. Driftsoppåvene vil endrast og ambisjonsnivået knytt til skjøtsel og fjerning av til dømes framande artar vil kunne krevje utvida driftsmidlar, og må inn i framtidig budsjett for å sikre ny drift.

Det er òg mogleg å søkje naturstasordninga for midlar til t.d. kartleggging og fjerning av framande artar.

For å gjennomføre tiltaka treng kommunen tydelege driftsrutinar, kompetanseheving og samarbeid mellom miljøfagleg og driftsansvarleg personell. Oppfylginga må forankrast i budsjett og årlege arbeidsplanar.

Pågåande prosjekt med etablering av skulehage og pollinatorvenleg grøntareal

Det skal etablerast skulehage og pollinatorvenleg grøntareal i Tusenårsparken i Sandeid som eit formidlingstiltak knytt til kommunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal. Tiltaket omfattar opparbeiding av skulehage, etablering av pollinerande sone med stadeigne artar, og utarbeiding av informasjonsskilt og eventuelt anna formidlingsmateriell om naturmangfald, karbonrike areal og innhaldet i planen.

Målet med prosjektet er å auke kunnskap, kompetanse og engasjement om naturmangfald og samanhengen mellom natur, matproduksjon og arealbruk, særleg blant barn og unge. Området skal vere ein praktisk læringsarena for skulen og samstundes ein open møteplass der innbyggjarar kan få kunnskap om naturtypane i kommunen og kvifor dei er viktige å ta vare på.

Skulehage og pollinerande sone er delvis etablert i 2026 og vidare arbeid vil sikre vidare etabelring samt utvikling og montering av informasjonsskilt. Frå 2027 og framover vil arbeidet omfatte skjøtsel, bruk av området i undervisning og mogleg vidare utviding av den pollinerande sona. Tiltaket er planlagt gjennomført med eigen drift og natursatsmidlar i perioden 2026–2030, med einingsleiar for areal og forvaltning og miljørådgjevar som ansvarlege.

Mål og delmål

Frå kunnskap og medverknad til formell og praktisk forvaltning

Eit godt kunnskapsgrunnlag er ein føresetnad for å kunne forvalte naturmangfaldet i Vindafjord på ein langsiktig og forsvarleg måte. Kunnskapsgrunnlaget viser at kommunen har store naturverdiar, men også vesentlege kunnskapshol. Rapporten understrekar at eksisterande data ofte ikkje er

tilstrekkelege åleine i plansaker, og at ny kartlegging som regel vil vere naudsynt ved planar og arealbruksendringar.

For å styrkje kunnskapsgrunnlaget blir det tilrådd å prioritere vidare kartlegging i låglandet, i fjordliene, i den eldste skogen og i område med utbyggingspress. Det er særleg viktig å få betre kunnskap om regnskogsmiljø, naturskogsnær furuskog, naturbeitemark, restaurerbare kulturmarker, våtmark, kantsoner, vassdrag og marine naturtypar. Rapporten peikar også på behov for å oppdatere viltkart, trekkvegar og funksjonsområde for artar, og for å styrkje kunnskapen om artsgrupper som insekt, amfibium, flaggermus og andre virvellause dyr. Nye kartleggingar må halde tilstrekkeleg fagleg kvalitet og vere tilpassa dei krava naturmangfaldlova og regelverket for konsekvensutgreiing stiller.

Handlingsdelen bør byggje på dette kunnskapsgrunnlaget og vere retta inn mot både betre rutinar, betre kunnskap og konkrete tiltak i naturen. Biofokus tilrår at kommunen arbeider innanfor fire hovudområde: kommunale rutinar og planar, vidare kartlegging og kunnskapsheving, vern og restaurering av natur, samt informasjon, medverknad og dialog.

Arealforvaltninga bør leggje større vekt på oppdatert naturkunnskap i kommuneplanen og i saksbehandlinga. Dette omfattar mellom anna planvask, bruk av omsynssoner for naturmiljø, sikring av kantsoner langs vassdrag, restriktiv praksis i strandsone og sjø, og rutinar for krav om ny naturkartlegging ved nye planar og endra arealbruk. Det er også viktig å styrkje den interne kompetansen om naturmangfald og relevant lovverk.

Når det gjeld tiltak i naturen, er det behov for vern av særleg verdifulle naturtypar og ansvarsnatur, restaurering av grøfta myr og sumpskog, restaurering og skjøtsel i kulturlandskapet, forbetring av kantsoner og vassdrag, og tiltak mot avrenning og framande artar. Intakte og velfungerande økosystem blir framheva som viktige både for naturmangfald, karbonlagring og klimatilpassing.

Arbeidet med kunnskapsgrunnlag og endeleg rapport er brukt aktivt i arbeidet med planen i medverknadsarbeidet. Det er gjennomført arbeidsseminar med både ei breitt samansett interessegruppe og formannsskapet. Arbeidet med planen har og vore oppe i Barnas kommunestyre og ungdomsrådet. Deltakarane arbeidde i grupper med utfordringar for naturmangfaldet i Vindafjord og kom med innspel på både fokusområde og viktige innspel til mål og tiltak i planen.

Innspela peikte på behovet for å ta vare på viktige naturverdiar, fjordar, grøne korridorar og karbonrike areal, og redusere arealpresset. Det vart lagt vekt på betre kartlegging, bruk av lokalkunnskap, handtering av framandartar og meir informasjon om naturmangfald. Det var òg ynskje om brei involvering og at planen blir fylgt opp og brukt aktivt.

Dette har vore svært viktige innspel for utforminga av delmåla i planen og for å komme fram til kva som kan gi betre forvalting av våre naturverdiar gjennom føresegner og retningslinjer, og kva for tiltak som bør fremjast i ein handlingsplan.

Hovudmålsettinga for planen kjem frå kommuneplanen og kommundelplanen har 5 spesifikke delmål. Det er sett opp prioriterte tiltak for kvart delmål som er detaljert skildra i handlingsplanen i kapitel 6.

Hovudmål og delmål for kommunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal

Hovudmål	Delmål
11. Forvalta naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og kommande generasjonar	Ta vare på naturmangfaldet, samt stanse og reversere tap av artar og naturtypar i kommunen.
	Ta vare på karbonrike areal og styrke naturen si evne til å motverke og takle klimaendringane.
	Auke kunnskap og kompetanse, samt skape engasjement for naturmangfald i kommunen
	Sikre at naturomsyn blir vurdert i alle relevante plan- og arealsaker
	Styrkje kompetansen på naturvenleg drift og forvalte og drifta kommunale grøntareal slik at naturmangfald og karbonrike areal blir tekne vare på

Prioriterte tiltak for naturen

Delmål: **Ta vare på karbonrike areal og styrke naturen si evne til å motverke og takle klimaendringane.**
Namn på tiltak:
Restaurere prioriterte låglandsmyrareal
Identifisere og kartlegge viktige karbonrike areal, særleg skog og myr i område planlagt til nedbygging, og lage ei prioritering for restaurering og planvask
Ta vare på/verne gjenverande funksjonable låglandsmyrar
Oppfordre til vern av område med naturskogsnær gamal furublandingsskog.
Opprette dialog med statsforvaltaren angåande utviding av Landavatnet naturreservat og dyrelivsfredningsområde

Prioriterte tiltak for å sikre oppdatert kunnskap

Delmål: **Auke kunnskap og kompetanse, samt skape engasjement for naturmangfald i kommunen**
Namn på tiltak
Etablere «skulehage» i Sandeid med fokus på formidling av innhald i kommunedelplan for naturmangfald
Informere barn og unge om komunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal
Kompetanseheving av kommuneadministrasjon og politikarar
Systematisk kartlegging og overvaking av naturverdiar i kommunen
Kartlegging av potensiale for vern
Informasjon om framandartar
Spreie informasjon om korleis ein kan ta vare på bakkehekkande fuglar i kulturlandskapet
Styrkje bruk av naturdata og verdikart i planlegging og saksbehandling
Auke kunnskap om lysforureining

Prioriterte tiltak for å sikre naturomsyn i arealforvaltninga

Delmål: Sikre at naturomsyn blir vurdert i alle relevante plan- og arealsaker
Namn på tiltak
Gjennomføre planvask av areal avsette til utbygging
Etablere faste rutinar for planlegging og saksbehandling for naturmangfald, gjennom styrkja bruk av naturdata og verdikart, og krav om oppdatert naturkartlegging ved nye planar og arealbruksendringar
Vurdere meldeplikt for hogst i naturtypar og område med mangelfullt kunnskapsgrunnlag
Konsekvens av nedbygging av karbonrike areal for klima og biologisk mangfald skal tydeleg vektast i plan, byggesak og landbruk.
Ta vare på karbonrike skogareal
Heve kompetansen om naturmangfald i plan og forvaltning gjennom jamnleg opplæring

Prioriterte tiltak for kommunale areal

Delmål: Styrkje kompetansen på naturvenleg drift og forvalte og drifta kommunale grøntareal slik at naturmangfald og karbonrike areal blir tekne vare på
Namn på tiltak
Kompetanseheving på naturvenlege skjøtselsmetodar
Naturvenleg drift av kommunale grøntareal
Pollinatorvenleg kantslått
Fjerning av framande artar i kommunale grøntareal

Føresegner, retningslinjer og kartløysing med omsynssone naturmiljø

Føresegnene skal tydeleggjere kva omsyn som er særleg viktige ved bruk og ved søknad om nye tiltak. Omsynssoner kan synleggjere geografiske område der naturmiljøet er ei særleg viktig interesse. Retningslinjene skal gi føringar for korleis kommunen vurderer naturmangfald og karbonrike areal i vidare planlegging og saksbehandling. Verkemidla må sjåast i samanheng med kommuneplanen sin arealdel, gjeldande reguleringsplanar, anna relevant lovverk og kommunen sine saksbehandlingsrutinar.

Nokre naturverdiar er avhengige av at inngrep blir unngått, medan andre er avhengige av aktiv skjøtsel, til dømes beite eller slått. Planen må derfor leggje til rette både for å unngå skade og for å betre tilstanden der det er behov.

Les utkast til føresegner og retningslinjer 11.11.2026

Behov for føresegner om naturverdiar

Dei føreslåtte føresegnene om utvalde naturtypar, andre verdsette naturtypar, marine naturtypar og naturskog tek utgangspunkt i at slike område kan ha viktige funksjonar for artar og økosystem og skal i samsvar med naturmangfaldslova

Føresegna om utvalde naturtypar skal gjere det tydeleg at kommunen må identifisere førekomstar og vurdere konsekvensane av tiltak som kan påverke dei. Naturmangfaldslova §§ 52–56 og forskrifta er relevante. § 53 krev særskilt omsyn til førekomstar av utvalde naturtypar i offentlege avgjerder.

Føresegna om andre verdsette naturtypar skal bidra til at naturtype med særleg høg verdi etter M-1941, blir fanga opp i planlegginga.

I sjø er det registrert mellom anna ålegrasenger, tareskog og skjelsandførekomstar. Ein del av dei marine registreringane er baserte på modellering og er i varierande grad undersøkte i felt. Føresegna om marine naturtypar skal bidra til at desse verdiane og behovet for supplerande kunnskap blir vurderte ved tiltak i sjø og strandsone.

Når det gjeld naturskog, peikar kunnskapsgrunnlaget særleg på viktige regnskogsmiljø og eldre skog med potensial for naturverdiar. Kart over sannsyn for naturskog er eit nyttig hjelpemiddel, men er ikkje ei stadfesting av naturverdiane på den enkelte lokaliteten. Kartet må brukast saman med andre registreringar og eventuelle undersøkingar i felt. For verdsette naturtypar, marine naturtypar og naturskog er naturmangfaldslova §§ 8–10 relevante ved vurdering av kunnskapsgrunnlag og samla belastning.

Behov for omsynssone for bevaring av naturmiljø

Omsynssoner kan synleggjere område der naturmiljøet er ei særleg viktig interesse. Ei slik synleggjering kan bidra til at naturverdiane blir fanga opp tidleg, både når det blir vurdert nye tiltak og når kommunen reviderer planar.

Bruk av omsynssone bevaring naturmiljø med tilhøyrande retningslinjer er nytta for å sikre ei forsvarleg forvaltning av viktige naturverdiar. Denne omsynssona ligg allereie i dag i kommuneplanen sin arealdel med tilknytta føresegn.
Dette planarbeidet har sett nærare på kva for naturverdiar som bør inngå i sona og fått revidert og oppdatert denne etter ny kartlegging. Vidare kartlegging og systematisering av naturverdiar etter handlingsplanen kan gjere at omsynssona vil bli revidert og oppdatert med utvida område.

Eit vedtak på revidert omsynssone og føresegner gjennom denne planprosessen vil også erstatte omsynsona i kommuneplanen sin arealdel.

Biofokus tilrår at kommunen vurderer eit breiare utval av naturverdiar i omsynssoner, og at behovet for buffersoner blir vurdert. Dette kan vere aktuelt der verdiane er avhengige av forhold også utanfor den registrerte lokaliteten, til dømes fuktige skogmiljø, kantsoner langs vassdrag og område med viktige økologiske samanhengar. I planen er dette nokre gonger løyst gjennom utvida omsynssone,, gjennom føresegner eller retningslinjer eller gjennom tiltak i handlingsplanen.

Avgrensinga av omsynssona er gjort både ut frå definerte område i naturmangfaldslova (utvalde naturtypar) og verdisettingskriterier enten i handboka for konsekvensvurderingar for klima og miljø M-1941 eller kartleggingsinstruksen for naturtypar NIN 3.0. Revidert omsynssone – bevaring naturmiljø består av registrerte utvalde naturtypar, verdsette naturtypar som har middels verdi eller meir (M-1941) og marine naturtypar med middels eller større verdi (NIN 3.0). Avgrensingar bør oppdaterast når kommunen får ny og betre kunnskap.

Planforslaget har utarbeida ein eigen kartløysing for naturmangfald som viser både omsynssone naturmiljø som blei lagt fram ved 2. gangs høyring av kommuneplanen sin arealdel (er framleis under revisjon) og revidert forslag til omsynssone naturmiljø som blir lagt fram i dette planforslaget.

Omsynssona er heimla i plan- og bygningslova § 11-8 tredje ledd bokstav c. Ho viser område der naturmiljøet skal takast særleg omsyn til i planlegging og sakshandsaming. Ei omsynssone inneber ikkje automatisk vern eller eit generelt byggjeforbod.

Kartløysinga viser også alle kartlagde utvalde naturtypar, verdsette naturtypar og marine naturtypar. Området som berre har noko verdi er ikkje med i omsynssona men er likevel område med kartlagd naturverdi.

Kartløysinga viser også naturvernområda i Vindafjord. Verneområde er verna etter naturmangfaldlova, til dømes som nasjonalpark, naturreservat eller landskapsvernområde. Verneforskrifta fastset kva som er tillate og forbode, og er juridisk bindande. Vernet har sterkare rettsverknad enn ei omsynssone i kommuneplanen. Det er ikkje komen inn nye verneområde i arbeidet med planen, men kartlegging og arbeid for vern av minst 30 % natur er eit tiltak i handlingsdelen.

Behov for generelle retningslinjer

Retningslinjene skal bidra til at omsynet til natur ikkje blir avgrensa til dei områda som allereie er registrerte eller viste som omsynssone. Kunnskapsgrunnlaget viser at viktige naturverdiar også kan finnast i område der kartlegginga er ufullstendig.

Naturområde nær busetnad kan vere viktige både for innbyggjarane og for naturmangfaldet. Vassdrag, kantsoner, skogholt og andre mindre naturområde kan også knyte leveområde saman. Retningslinjene skal bidra til at slike samanhengar blir vurderte når areal blir planlagde eller endra.

Myr og andre karbonrike areal kan vere både levestader for artar og viktige karbonlager. Kommunen har i liten grad kartlagd og prioriterte viktige karbonrike areal. Kunnskapsgrunnlaget peikar på at låglandsmyr i stor grad er påverka av tidlegare inngrep, og at det kan vere aktuelt å kartleggje og restaurere våtmark i låglandet. Retningslinja skal bidra til at konsekvensar for både naturmangfald og karbonlager blir vurderte for dei areala som kommunen prioriterar.

Retningslinja for trua artar skal bidra til at kommunen vurderer både kjende funn og leve- og funksjonsområda artane er avhengige av. Eit punktfunn åleine vil ikkje nødvendigvis vise heile området ein art bruker. Vindafjord har registrert eit høgt tal raudlista artar som har behov for bestemte naturtypar og leveområde i kommunen. Funksjonsområde for artar er i avgrensa grad kartlagde, og det er behov for å styrkje kunnskapen om slike område i planlegging og forvaltning. Kommunen har fått utarbeida eit verdikart i kunnskapsgrunnalget. Dette er også skildra i kap 3.1. Verdikartet er eit overordna og samanstilt kunnskapsverktøy som kan hjelpe kommunen med å identifisere område med høge naturverdiar, sjå samanhengar i landskapet og prioritere omsyn til naturmangfald i arealforvaltninga. Ut frå dette kan me raskare finne fram til kor me bør styrkje kunnskapen framover og kor og korleis me kan sikre meir føreseieleg forvaltning av våre naturverdiar.

Kunnskapsgrunnlaget viser til at fleire vassdrag er påverka av lukking, forbygging og mangelfulle kantsoner. Kantsoner kan ha funksjon som leveområde og spreiingskorridor og kan bidra til å redusere avrenning og erosjon. Retningslinjene skal støtte vurderingar av eksisterande kantsoner, opne løysingar og mogleg restaurering.

Retningslinja knytt til lysforureining skal bidra til at utandørs belysning blir vurdert opp mot kva som kan ha negativ påverknad på menneske, dyr og planter. Belysning bør vere nedoverretta og avskjerma. Belysning skal ikkje vere til urimeleg ulempe for naboar, trafikantar, landskap eller naturmiljø. I eller nær naturområde skal lysbruk avgrensast særskilt av omsyn til naturmangfald.

Inngrepsfrie naturområde kan ha funksjon for artar som bruker store areal. I kunnskapsgrunnlaget er det laga eit lokalt kart over låginngrepsområde som støtte i planlegginga. Kartet bruker andre avstandsgrenser enn dei nasjonale INON-karta og bør nyttast som eit støttekart og eit saksbehandlingsverktøy. Dette kartet saman med retningslinja vil i større grad ivareta inngrepsfrie område framover.

Kunnskapsgrunnlaget viser at miljøregistreringar i skog (MiS-registreringar) og naturtypekartlegging ikkje nødvendigvis fangar opp dei same områda. Retningslinja skal bidra til at relevante kartleggingar blir vurderte saman. Ved motstrid bør kommunen vurdere innhald og kvalitet i registreringane, ikkje automatisk leggje den nyaste til grunn.

Retningslinjer for saksbehandling i arealforvaltninga

Gjennom arbeidet med kommunedelplanen har me både fått samla og kartlagd mykje kunnskap om naturen i Vindafjord. Som tidelgare omtalt er det likevel også framleis mykje av naturen i Vindafjord som ikkje er kartlagd. Det er behov for retningslinjer for saksbehandling både for å sikre at kommunen både brukar ny kunnskap og at det blir gjort gode vurderingar av mogelge naturverdiar tidleg i prosessen.

Retningslinjene for nye tiltak skal bidra til at kommunen tidleg vurderer:

- kva naturverdiar og karbonrike areal som kan bli påverka
- om eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg, eller om det er behov for supplerande undersøkingar
- korleis skade kan unngåast eller avgrensast gjennom lokalisering, utforming og gjennomføring
- korleis viktige verdiar og økologiske samanhengar kan takast omsyn til i vidare planlegging
- om det er behov for tiltak og oppfølging i byggje- og anleggsfasen.

Tiltakshierarkiet er ei fagleg støtte for å vurdere korleis negative verknader først kan unngåast, deretter avgrensast og eventuelt rettast opp. Kompensasjon kan vurderast som eit siste alternativ, men bør ikkje leggjast til grunn som ei erstatning for å unngå skade på viktige naturverdiar. Eventuelle bindande krav om kompensasjon må vurderast særskilt.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8–12 leggjast til grunn som retningslinjer ved offentlege avgjerder, og vurderinga skal gå fram av avgjerda. Kunnskapskravet i § 8 skal stå i rimeleg forhold til karakteren av saka og risikoen for skade. Føre-var-prinsippet i § 9 er relevant når det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om verknadene. Gjennom gode retningslinjer og gode saksbehandlingsrutinar vil kommunen i større grad sikre at saksbehandlinga blir i samsvar med naturmangfaldslova.

Handlingsplan

For å nå dei fem delmåla i planen skal viktige naturverdiar, som omtalt over, takast vare på gjennom omsynssoner, føresegner og vern, men må og følgjast opp med konkrete tiltak i ein handlingsplan.

Handlingsplanen er delt opp i dei fem delmåla. Dei to første delmåla skal sikre at me tek betre vare på naturmangfald og karbonrike areal.

Handlingsplanen har tiltak for restaurering av naturtypar og vassdrag, fjerning av framandartar, naturvenleg skjøtsel, kartlegging for auka vern, og særskilde tiltak for mellom anna sjøfugl og kulturlandskap.

For karbonrike areal vil det i første omgang vere viktig å få kartlagt og prioritert viktige område før ein kan sjå på restaurering av særleg myr og skog. Kartlagde og prioriterte areal kan så bli vurdert inn i omsynssona eller vernast gjennom verneprosessar.

Dei to neste delmåla skal sikre at det blir tatt naturomsyn i alle arealsaker og sikre eit opplegg for kunnskapsheving og auka engasjement. Her vil tiltak som planvask, bruk av oppdaterte naturdata og kart, faste saksbehandlingsrutinar, krav om ny kartlegging og tydelege vurdering av konsekvensar for natur og klima vere viktige. Auke kompetanseheving for tilsette og politikarar, informasjon til innbyggjarar og næringar og undervisningsopplegg for barn og unge vil bidra til både til auke i kunnskap og engasjement.

Det femte delmålet er knytt til kommunale areal.

Føresegner, omsynssone og handlingsdel gjeld for heile kommunen. Vindafjord kommune bør også følgje opp måla i kommunedelplanen som grunneigar, utbyggjar og driftsansvarleg. Målsettinga er naturvenleg skjøtsel, stadeigne og insektsvenlege plantar, pollinatorvenleg kantslått og målretta innsats mot skadelege framande artar.
Nokre av tiltaka treng i hovudsak kompetanseheving for at kommunen skal kunne starte med nye driftsformer og tilstrekkeleg informasjon ut om korleis dette vil påverke utsjånaden til grøntareala. Pollinatorvenlege areal av heile eller deler av området vil ikkje lenger krevje klipping av gras og drifta kan i første omgang bli rimelegare enn før. Ambisjonsnivået knytt til skjøtsel og fjerning av for eksempel framande artar vil kunne krevje utvida driftsmidlar og må inn i framtidig budsjett for å sikre nye drift.

Les utkast til handlingsplanen 11.11.2026